



ETISKE RETNINGSLINJER

FOR LEVERANDØRAR TIL SOGN OG FJORDANE ENERGI (SFE) MED DOTTERSELSKAP

Etiske retningslinjer for leverandørar

Styringspolicy "Etiske retningslinjer for leverandørar" skildrar hovudprinsipp for korleis konsernet sine leverandørar skal etterleve krav i gjeldande lover og reglar, sentrale FN- og ILO-konvensjonar. Leveransar av varer og/eller tenester til SFE skal vere i samsvar med desse krava. Denne policyen gjeld for konsernet sine leverandørar og leverandørkjeda deira.

Nasjonale lover og reglar

Leverandøren skal i eit kvart høve drive lovleg verksemrd. Leverandøren skal halde seg informert om, og rette seg etter, dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter og vedtak som gjeld for Leverandøren si verksemrd. Leveransar til SFE skal oppfylle og vere i samsvar med skildra vilkår.

Leverandørar til SFE skal overhalde våre etiske retningslinjer for leverandørar, internasjonalt anerkjente konvensjonar og relevant nasjonal lovgjevnad. Leveransar til SFE skal vere i samsvar med krava som gitt nedanfor. Krava angir minimumsstandardar. I høve der internasjonalt anerkjente konvensjonar og nasjonale lover og reguleringer omhandlar same tema, skal den høgaste/stengaste standarden alltid gjelde, så langt dette er innanfor gjeldande lands lovgjevnad.

Personvern og datatryggleik

Leverandøren skal ha rutinar og system som sikrar at personvernet vert ivaretatt og at det ikkje førekjem urettmessig tileigning, bruk eller deling av data, informasjon eller materiale. Leverandøren skal behandle alle fortrulege opplysningar på ein etisk forsvarleg måte og til ei kvar tid innanfor avtalte rammer og gjeldande regelverk. Avvik og mistanke om avvik skal alltid rapporterast til kontaktpunkt for avtalen.

Miljø og klima

Leverandøren skal overhalde relevante nasjonale og internasjonale miljøstandardar. Leverandøren skal ha eit "føre var-prinsipp" knytt til ureining, miljørisiko og andre miljø- og klimaomsyn.

Vi føretrekker Leverandørar som vil arbeide i samsvar med internasjonalt anerkjente miljøstyringsprinsipp og til ei kvar tid søker å verte betre på desse områda.

Leverandørar som fokuserer på å oppnå energieffektivitet, minimering av skadelege utslepp, ivaretaking av naturmangfold og handterer avfallsproduksjon i eit livsløpsperspektiv vil bli føretrekt.

Menneskerettigheter

Leverandøren skal respektere internasjonalt anerkjente menneskerettighitar. Leverandøren skal respektere verdigkeit, personvern og personlege rettigheter for alle menneske. Openheitslova stiller krav til norske bedrifter og det er sjølv sagt at leverandørar som er omfatta av den oppfyller dei krava denne stiller.

Arbeidsstandard

Organisasjonsfridom og rett til kollektive forhandlingar

Leverandøren skal sikre og anerkjenne retten til organisasjonsfridom, og legge til rette for kollektive forhandlingar dersom ein vesentleg del av arbeidstakarane er einige om dette. Leverandøren skal ikkje diskriminere representantar for arbeidstakarane eller medlemmer av fagforeiningar, men legge til rette for at desse personane har moglegheit til å utføre sine funksjonar på arbeidsplassen.

I dei høva der organisasjonsfridom og kollektive lønsforhandlingar er avgrensa av nasjonal lovgjevnad, skal leverandøren tillate tilsette fritt å velje sine egne representantar innanfor lovgjevnaden.

Tvangsarbeid

Leverandøren skal ikkje bruke noko form for tvang i samband med tilsetting eller i arbeidstilhøve. Leverandøren skal sikre at arbeidsforholdet mellom den tilsette og leverandøren er basert på frivilligheit og utan truslar av noko slag.

Leverandøren skal sikre at alle tilsette står fritt til å avslutte arbeidstilhøvet etter å ha opplyst leverandøren om dette på rimeleg måte. Tilsette skal ikkje behøve å deponere pengar, identitetspapir eller liknande i den hensikt å bli tilsett eller oppretthalde eit arbeidsforhold.

Barnearbeid

Barn under 18 år skal ikkje utføre arbeid som set helse og/eller tryggleik i fare, inkludert nattarbeid. Barn under 15 år eller i skulepliktig alder skal ikkje utføre arbeid som kan vere til skade for deira utdanning.

Diskriminering

Leverandøren skal arbeide for å unngå direkte eller indirekte diskriminering basert på etnisk tilhørsle, religion, alder, funksjonsevne, kjønn, ekteskapsstatus, seksuell orientering, fagforeningsmedlemskap eller politisk tilhørsle, og skal fremme likestilling under tilsetting.

Leverandøren skal ikkje tolerere noko form for seksuelt påtrengande, truande, fornærmande eller utnyttande åtferd.

Arbeidstilhøve

Leverandøren skal gi godtgjersler som møter ein kvar nasjonal lovmessig standard for minimumslønn. Løna skal være skriftleg avtalefesta og overførast til dei tilsette til avtalt tid.

Leverandøren skal sikre at arbeidstida ikkje er uforholdsmessig lang og at den som eit minimum er innanfor rammer sett i relevante lover og reglar. Leverandøren skal respektere den individuelle tilsette sine behov for restitusjon og sikre at alle tilsette har rett til tilfredsstillande ferie med lønn.

Arbeidsretten og arbeidslovgjevnaden der produksjonen finn stad skal etterlevast. Leverandøren skal sikre at lovpålagte arbeidstidsreglar vert overhaldt og at alle tilsette mottek skriftlege tilsettingskontrakter som skildrar tilsettingsforholdet på eit språk den tilsette forstår.

Helse, arbeidsmiljø og tryggleik

Leverandøren skal sikre at alle tilsette har eit sunt og trygt arbeidsmiljø i samsvar med internasjonalt anerkjente standarar, lover og reglar. Leverandøren skal kontrollere yrkesrisiko og etablere tiltak for å hindre ulykker og yrkesmessige sjukdommar, derunder teikne alle lovpålagte forsikringar. Ved behov skal tilsette verte utstyrt med naudsynt personleg tryggleiksutstyr og læra opp i bruken av dette.

Leverandøren skal tilby regelmessig opplæring for å sikre at dei tilsette har tilfredsstillande kompetanse knytt til helse- og tryggleiksspørsmål.

Om den tilsette vert tilbudd losji skal leverandøren sikre at dette er eit reint og trygt alternativ som varetok dei grunnleggande behova til den tilsette og eventuelt den tilsette sin familie.

Forretningsmetodar

Korrupsjon og andre ulovlege forretningsmetodar

Leverandøren skal overhalde lovar og reglar knytt til bestikkelsar, korrupsjon, bedrageri og all anna ulovleg forretningsverksemd. Leverandøren skal ikkje tilby, love eller gi noko form for utilbørleg fordel, teneste eller incentiv til offentlege statstilsette, internasjonale organisasjoner eller andre tredjepartar i den hensikt å skaffe personlege eller forretningsmessige fordelar. Dette gjeld uavhengig om denne fordelen vert tilbydd direkte eller indirekte gjennom ein mellomperson.

Gåver og høfleghetsgestar

Leverandøren skal ikkje, direkte eller indirekte, tilby gåver eller ytingar til SFE sine medarbeidarar, representantar for SFE, eller nokon i nær relasjon til desse, ut over det som kan reknast som profilartiklar og enkle påskjønningar. Høfleghetsgestar som sosiale hendingar, måltid eller underhaldning kan tillatast der som det er eit forretningsmessig aspekt involvert og kostnaden vert heldt på eit rimeleg nivå.

Utgifter til reise og opphold for SFE sine representantar skal betalast av SFE.

Kvitvasking

Leverandøren skal ta avstand frå alle formar for kvitvasking og skal etablere tiltak for å unngå at verksemda sine finansielle transaksjonar vert nytta til kvitvasking.

Konkurranse

Leverandøren skal ikkje forårsake eller vere ein del av brot på konkurranselovgjevnad, som for eksempel ulovleg samarbeid om prising, ulovleg marknadssamarbeid eller anna form for åtferd som medfører brot på konkurranselovgjevnaden.

Roller og ansvar

Leverandør er forplikta til å etterleve dei krav som kjem fram av dette dokumentet i eiga verksemd. Leverandøren pliktar å vidareføre tilsvarande føresegner mot alle underentreprenørar og kontraktsmedhjelparar. SFE kan krevje dette arbeidet dokumentert innan rimeleg tid på følgande måtar:

- a) Eigenerklæring frå leverandør og/eller
- b) Oppfølgingssamtalar med SFE og/eller
- c) Eigen eller uavhengig tredjepartskontroll av arbeidstilhøva på produksjonsstad.

SFE tar atterhald om retten til å gjennomføre melde eller umelde kontrollar på produksjonsstad hos leverandør og/eller underleverandør i kontraktsperioden. SFE kan til ei kvar tid krevje framlagt dokumentasjon for, eller kontrollere, om krava er oppfylt. SFE eller den SFE utpeiker skal ha rett til innsyn i alle naudsynte system, derunder, men ikkje avgrensa til, økonomi, lønns- og arbeidsvilkår. Innsynsretten omfattar blant anna revisjon og verifikasjon, inklusive intervju, inspeksjon, kontroll og dokumentgjennomgang. Leverandøren skal vederlagsfritt yte rimeleg assistanse ved slikt innsyn i 3 år etter siste betaling har funne stad. Leverandøren skal sikre at SFE har tilsvarande innsynsrett hos leverandøren sine underleverandørar. Kontaktopplysningar vert handsama konfidensielt. Leverandøren kan sjølv velge å dokumentere oppfølging av krava ved adekvat sertifisering av verksemda.

Reaksjonar og oppfølging ved brot på retningslinjene

Brot på føresegnehene i dette dokumentet inneberer brot på heile eller delar av kontraktsforholdet. Gjentatte brot på etiske retningslinjer eller manglande oppfølging etter punktet ovanfor, etter at SFE har påpeika tilhøva, er alltid å rekne for vesentleg kontraktsbrot.

Vedtatt 25.04.2023